

## Årsmelding 2020 for Bygdelaget 5915

Desse har vore styremedlemer sidan årsmøtet i 2020:

Inger Helen Midtgård (leiar), Osvald Fyllingen (kasserar), Ronny Fremstad ( nestleiar) , Wenche Grønnevik og Elin F. Styve. Gunnar Angelskår har vore 1. vara, Yvonne Borlaug har vore 2. vara

### Korona-året som endra alt

Liv OG Lyst prosjektet (LOL) skulle også i 2020 ha vore ramma for ei rekkje aktivitetar i regi av, eller støtta av Bygdelaget 5915. Me rakk så vidt å koma i gong med vårens program før heile landet stengte ned med corona-pandemien hengande over oss.

Blant anna vart det gjennomført sildefiske med planar om ein ny lubbesild-festival til våren, og saum- og design-gjengen var i full gang med fine produksjonar på nyinnkjøpte symaskiner i Steinarstova då det brått vart forbode å samlast.

Heime på dagtid måtte også opphøyre og den planlagde næringsutviklingskvelden måtte avlysast. Det var også planlagt fleire lågterskelsamlingar («kvelds») med ulike tema som måtte avlysast.

Utandørs var det i ein periode råd å treffast, 28. juni møtte 150 glade bygdefolk og hyttegjestar møtte opp til allsong på kaien, kjente og kjære tonar, akkompagnert av Otto Aksnes, May Eva Sandvik og Håkon Sandvik. Kvelden var vakker og varm og både unge og gamle nytta kaien og badestranda til å ta seg ein dukkert, medan andre varta opp med godbitar frå grillen.

I ei lita lysning der pandemien såg ut til å vera på retur i september fekk me arrangert eit forsinka årsmøte i Sandbergsalen, og samstundes vist gode og game Hjelmåsfilmar med August Sandberg som filmframvisar, og popcorn. 20. september rakk me også ei bygdevandring frå Sandvik over Hageset og til Vaet med flotte og engasjerte lokale guidar. Deretter vart alt stengd ned att.

På nettsidene våre har me i 2020 begynt å publisera kapittel for kapittel frå gamle, handskrivne nedteikningar i Fram (UL Heimhug). Mange av tekstane er over hundre år gamle, og den som har stått for innskrivinga digitalt er Målfrid Reigstad. Ho vart påskjønta med blome og eit gåvekort for den store innsatsen.

Me vil overføra mange av planane for 2020 til hausten 2021, i håp om at me då har ein normaltstand i landet og regionen vår (sjå handlingsplan).

### Gladihaugpokalen og Årets sambygding

Gladihaugpokalen vart overrakt på nasjonaldagen, og den som gjekk flest turar til Gladihaug i 2019 var Vidar Hopsdal med 274 turar. Årets sambygding utgjekk i 2020, ny kåring i 2021

### Økonomi og medlemskap

Økonomien i Bygdelaget har i 2020 vore god. Det har vore god likviditet gjennom året, og alle rekningar er blitt betalt på forfall. Årsresultatet viser rett nok eit lite underskot, men årsaka til dette er at ved års skiftet var ikkje tilskotet frå LivOGLyst kome inn på kontoen. Dette er midlar som me har fått innvilga og som me veit vil koma. Eigenkapitalen til laget var derfor litt lågare enn ved årets slutt enn den var ved inngangen av året. Ein ting som er svært kjekt å registrera er at medlemskontingent-innbetalingane frå bygdefolket har hatt ein fin auke samanlikna med året før.

Hjelmås 15. mars 2021

Inger Helen Midtgård  
leiar

Elin F. Styve  
skrivar